

## **Reviderte vedtekter -etter kommunestyremøtet**

gjeldande frå 01.08.2018.

### **Overordna målsetjing for SFO i Forsand**

Kommunen skal ha eit tilbod om SFO før og etter skuletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.

SFO skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. SFO skal gi barna omsorg og tilsyn.

Funksjonshemma barn skal gjevast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vera eigna til formålet.

### **1. EIGAR**

Forsand kommune eig og driv skulefritidsordninga(SFO).

### **2. OPPTAKSMYNDIGHEIT**

Skulen har opptaksmynde, og sender brev med søknadsskjema i mars/april til alle familiar med barn i aktuell alder.

### **3. OPPTAKSKRITERIUM**

SFO skal vere eit tilbod for alle som ønskjer det frå 1. til 4.klasse, og for funksjonshemma barn til og med 7.klasse.

### **4. OPPTAKSPERIODE OG OPPSEIING AV SKULEFRITIDSPLASSEN**

Hovudinntaket av barn er i juni, og gjeld ut skuleåret.

Inntak i løpet av året gjeld ut skuleåret.

Oppseiing av plass må skje skriftleg, og det er ein månad oppseiingstid. Etter 1.mars må det betalast ut skuleåret.

SFO kan ta i mot barn for kortare periodar dersom det er ledig kapasitet.

### **5. FORELDREBETALING**

Betalingssatsane blir graderte slik (gjeld frå 01.01.2011):

Under 10 t/v kr 42 pr time/ **Frå 01.08.2018 kr 56 pr time**

10-14 t/v kr 1600 pr måned/ **Frå 01.08.2018 kr 2.036 pr måned**

Over 14 t/v kr 1800 pr måned/ **Frå 01.08.2018 kr 2.290 pr måned**

Syskenmoderasjon på 15% for barn nr 2 osv

Tilleggsbetaling for ferie-og fridagar for dei som er fast i SFO:

kr 110 pr. dag. **Frå 01.08.2018 kr 140 pr dag.**

Tilleggsbetaling for ferie-og fridagar for dei som ikkje er fast:

kr 225 pr. dag. **Frå 01.08.2018 kr 285 pr dag**

Prisane inkluderer betaling for enkel mat/ frukt måndag, onsdag og fredag.

Påmeldinga til ferie- og fridagar er bindande, og føresette må betala for plassen sjølv om dei av ulike grunnar ikkje nyttar seg av han.

Det er 10 betalingsterminar i året(halve juni, halve august og heile juli er fri)

Betalingssatsane blir fastsette av kommunestyret. Dei gjeldande satsane blir lagt ved søknadsskjemaet.

Det blir sendt ut rekning kvar månad, og innbetaling skal skje til kommunekasseraren.

Uregelmessig betaling kan føre til at barnet mistar plassen.

## **6. LEIKE-OG OPPHALDSAREAL**

SFO disponerer eige lokale i skulen, og nyttar nærmiljøet i- og utanfor skuleplassen til leik og aktivitetar.

## **7. DAGLEG OPPHALDSTID OG ÅRLEG OPNINGSTID**

Opningstidene blir justerte kvart år etter påmeldinga.

SFO må ha minst 3 elevar før skulen kan gje tilbod innan det ordinære tilbodet.

SFO er stengt 2 planleggingsdagar, julaftan, nyttårsaftan og onsdag før skjærtorsdag.

Dei andre ferie-og fridagane sender skulen ut påmeldingsskjema til alle i 1.-4.kl. SFO er stengt i juli.

Maksimal opningstid for SFO er frå kl. 6.45 til 16.15.

Ansvar:

Personalet har ansvaret for barnet den tida det er på skulen. Henting og bringing av barna er foreldra/ dei føresette sitt ansvar, men barna kan følgje skulebussen mot betaling.

## **8. BEMANNING OG LEIING**

Personalet har ansvaret for opplegget, og gjennomføring av dette, og vil ha timar i SFO etter gruppestorleiken. Så langt det lar seg gjera, skal tilsette i SFO vera barne- og ungdomsarbeidarar.

Gruppestorleik:

Inntil 9 born: 1 vaksen

10-19 born: 2 vaksne

20-29 born: 3 vaksne

I tillegg kjem personar til eventuelle styrkings- og tryggleikstiltak, på lik line som dei har i skuletida.

Barn med særskilte behov som elles har spesielle behov, skal ha med seg assistent etter særskilt vurdering.

Reglane i Opplæringslova §10-9 gjeld for tilsette i SFO.

SFO har eigen dagleg leiar.

Rektor har det overordna administrative og pedagogiske ansvaret for ordninga. SAUV er styringsorganet til SFO ved skulen. Dagleg leiar har møte og talerett i SAUV.